

Rammeplan og vedtekter for skulefritidsordningar



03.06.2021

Kommunedirektøren

Innholdsliste:

| | |
|--|----------|
| 1. Rammeplan | 3 |
| 1.1. Målsetjing | 3 |
| 1.2. Styring | 3 |
| 1.3. Tilsette..... | 3 |
| 1.4. Innhald | 4 |
| 1.5. Organisering..... | 4 |
| 1.6. Samarbeidspartnarar | 4 |
| 1.7. Lokalisering | 5 |
| 1.8. Søknadsrutinar og opptak..... | 5 |
| 1.9. Økonomi..... | 5 |
| | |
| 2. Vedtekter for skulefritidsordninga i Bømlo kommune | 5 |
| 2.1. Retningslinjer | 5 |
| 2.2. Føremål | 6 |
| 2.3. Leiing, styring og ansvar | 6 |
| 2.4. Personalansvar..... | 6 |
| 2.5. Bemanning | 6 |
| 2.6. Opptaksrutinar..... | 7 |
| A: Inntakskriteria:..... | 7 |
| B. Inntaksperiode og oppseiing | 7 |
| C: Turnusordning | 8 |
| 2.7. Økonomi..... | 8 |
| 2.8. Evaluering | 8 |

1. Rammeplan

1.1. Målsetjing

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna. Skulefritidsordninga skal gje borna omsorg og tilsyn. Born med nedsett funksjonsevne skal gjevast gode utviklingsvilkår.

Dei lokale behova avgjer utforminga av tilbodet. Det må planleggjast og leggjast til rette for eit SFO-tilbod i den einskilde skulekrins. Deter ynskjeleg å trekkja inn samarbeidspartnarar.

Elevane i Bømlo kommune skal ha eit likeverdig tilbod som skal byggja på lover og føresegner.

Talet på born som ynskjer skulefritidsordning i ein krins bør ikkje vera avgjerande for å oppretta eit tilbod. Er talet på born for lagt bør det søkjast alternative løysingar, til dømes samarbeid med barnehagane.

1.2. Styring

Skulefritidsordninga er ein del av det tilbodet kommunen yter til brukarane sine. Undervisningsstyret har det overordna ansvaret for SFO

Forskrift for grunnskulen og rundskriv frå KUF viser til at samarbeidsutvalet på skulane skal ha eit særleg ansvar for tilretteleggjing av skulefritidstilbod utanom undervisningstida.

Representant for foreldre med born i SFO kan kallast inn til samarbeidsutvalet i saker som gjeld SFO.

Rektor ved skulen har det pedagogiske, administrative og økonomiske ansvaret for SFO.

1.3. Tilsette

Ideelt sett burde dagleg leiar ha pedagogisk utdanning. Dersom dette økonomisk ikkje let seg gjera, bør ein føretrekkja personar med kompetanse og g frå arbeid med born og fritids- arbeid med born. Tilsetjing vert då som barne- og ungdomsarbeidar eller assistent med avsett tid til leiing.

For å sikra eit likeverdig tilbod til heile kommunen vert det lagt opp til faste bemanningsnormer (jmf. vedtekter).

Kvar ordning har i utgongspunktet ei grense på 20 born pr. gruppe til same tid.

1.4. Innhald

SFO er ein del av borna si fritid, og det er viktig at tida ikkje vert overorganisert av dei vaksne. Men like viktig er det at fri leik skjer i eit miljø som er trygt og som stimulerer til utforsking og skapartrøng hjå borna.

Nærmiljøet og naturen kring skulen utgjer ein viktig ressurs, og det bør leggjast til rette for bruk av desse. Nokre organiserte aktivitetar kan vera "kurs" som borna melder seg på etter interesse. I ein skilde høve kan det vera aktuelt å samarbeida med lag og organisasjonar for å få i stand slike tilbod. Dette vil då verta aktivitetar som foreldra betalar ekstra for. Dersom dette gjeld organisasjonsarbeid som elles ville gått på anna tid av dagen, må også born som ikkje har plass i SFO kunna delta.

Det må utarbeidast ein årsplan, event. treårsplan for SFO ved den ein skilde skule, dette som ein delplan av skulen sin verksemdsplan. Planen må utarbeidast i samarbeid med brukarane og innehalda noko av kva ein forventar av tilbodet og av kvarandre. Andre moment til planen vert:

- Rammene omkring SFO, t.d. om opningstida
- Aktivitetar gjennom året
- Fellesaktivitetar/leksegjering/måltid/fri leik/frie aktivitetar
- Aktivitetar i regi av samarbeidspartnarane i skulen

1.5. Organisering

Pa bakgrunn av tildelte ressursar vil opningstida avgjort på den ein skilde skule i samråd med brukarane.

Dersom talet på born i deler av opningstida på ferie- og fridagar vert under 12 må det vurderast alternative løysingar.

SFO er stengd jule- og nyårsafta.

Jamleg samråding på tvers av klassar, grupper, profesjonar er avgjerande for god bruk av rom, utstyr, tid og andre ressursar.

1.6. Samarbeidspartnarar.

Dersom eldre elevar har interesse for arbeid med born bør dei få høve til det gjennom valfagordningar. Skulane vert oppmoda om også å ta kontakt med andre aktuelle samarbeidspartnarar som kan vera:

- Musikk- og kulturskulen
- Idrettslag
- Speidar/H4/Kvinne- og familielag m. fleire i nærmiljøet
- Bibliotek

1.7. Lokalisering

SFO vert normalt lagt til skulen sine lokale. 1. og 2. klasse sine lokale vil vera naturleg a bruka. Dette må vurderast ut frå fysisk plassering, talet på born, samansetjing av grupper og bemanning. Der det er naturleg kan skulefritidsordninga eller deler av denne leggjast til lokale som barnehagen disponerer. Særleg ved fådelt skular kan dette vera ei naturleg løysing.

Etter ordinær skuletid vil heile skulen kunna disponerast av SFO. Dersom det er naudsynt kan skulefritidsordninga organiserast utanfor skulen sine areal.

1.8. Søknadsrutinar og opptak

Det vert søkt om plass på eit felles skjema for kommunen. Søknad vert sendt til skulen. Det er også den einskilde skule som gjer inntak av born. Samarbeidsutvalet er endeleg godkjenningssinstans etter innstilling frå rektor.

Søknad og inntak vert gjennomført i samsvar med vedtekter for SFO.

Ein skule kan ta inn fleire enn 20 born dersom det er trong for det, og tilhøva ligg til rette for det. Skulen må vurderast dette ut frå talet på 6-åringar samla areal som er godkjent til bruk i SFO og korleis tilbodet kan organiserast kor mange born som har særskilde behov for hjelp og støtte.

1.9. Økonomi

Bømlo kommune fastset satsar for foreldrebetaling i skulefritidsordninga. Satsane er felles for kommunen, og er gradert etter tildelt timetal pr. veke.

Det er høve til ekstra foreldrebetaling til eit måltid pr. dag, og i samband med turar og utflukter.

Det vert sett av ein sum til materiell og utstyr for SFO.

2. Vedtekter for skulefritidsordninga i Bømlo kommune

2.1. Retningsliner

Skulefritidsordningane i Bømlo vert drivne etter Rammeplan for SFO, lover og føresegner for skulefritidsordningar og etter dei krav som til ei kvar tid gjeld for tildeling av statstilskot

2.2. Føremål

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod for born i 1. - 4. klasse. Tilbodet vert gjeve utanom den obligatoriske skuledagen for klassestega.

Innhald og aktivitet skal ha hovudvekt på leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna.

Born med nedsett funksjonsevne skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vera eigna for formålet.

2.3. Leiing, styring og ansvar

Rektor har det administrative, pedagogiske og økonomiske ansvaret for skulefritidsordninga på kvar skule. Skulefritidsordninga skal vera ein naturleg del av skulen si drift. Rektor er budsjettansvarleg for skulefritidsordninga. Samarbeidsutvalet ved skulen er styre for SFO- ordninga

2.4. Personalansvar

Personalet vert tilsett i Bømlo kommune med dei rettar og plikter som til ei kvar tid er gjeldande. Kommunen ved rådmannen har det overordna personalansvaret i heile kommunen, og rektor ved den einskilde skule.

Utøvinga av personalansvaret vert innarbeidd i Bømlo kommune sin personalpolitiske plan og i den einskilde skule sin personalplan.

Det må takast omsyn til denne yrkesgruppa og leggjast til rette for minst to kursdagar pr. år.

2.5. Bemanning

Bemanningsnorma for SFO-ordningane i Bømlo kommune er:

1 - 12 born: 1 assistent

13 - 20 born: 1 assistent + 1/2

21 - 2 assistentar Gruppa kan delast

Dei tilsette må sikrast tid til dagleg planleggjing og samrådingstid med andre tilsette og med rektor. Planleggjingstida må vera i høve til stillingsstorleiken.

2.6. Opptaksrutinar

A: Inntakskriteria:

Ordninga skal ha plass til alle 6-åringar, og så langt som råd er ha plass til elevar i 2. - 4. kl. Elevar med særskilde behov på 5.-7. trinn kan òg søkja.

Søknadsfrist: 01. mai for SFO plass komande skuleår. Skulane planlegg SFO drifta etter kor mange barn det er i SFO, og i juni skjer denne planlegginga for neste skuleår.

Ein treng ikkje søkja SFO plass meir enn ein gong, barnet har plassen så lenge det er elev på småtrinnet.

Ein kan søkja plass i SFO heile året. Det skjer ingen sakshandsaming av slike søknader i skulen sine feriar. Dersom det er ledig kapasitet, vil barnet få SFO plass.

Målet er at alle som søker skal få plass. Dersom det er fleire søkjarar enn plassar, vil fylgjande retningslinjer vera retningsgjevande:

- 6-åringar som har trong for heildagstilsyn
- Born til einslege forsyttarar som er i arbeid utanfor heimen eller går på skule
- Born som ha begge føresette i arbeid utanfor heimen eller under utdanning
- Yngre born bør til ei viss grad gå føre eldre born, men det skal prøvast å oppnå ei viss aldersspreiing
- Born med særskilde vanskar kan takast inn framfor andre søkjarar. Føresetnaden er at ei fagleg vurdering ligg til grunn og at ressursar fylgjer med. Den økonomiske sida må vera avklara ved opptak. Det vert sett av midlar i samsvar med reglar for statstilskot. Ut frå dette må kvart einskild høve vurderast. Ulike kommunale instansar kan verta trekte inn.
- Born med nedsett funksjonsevne kan delta t.o.m. 7. klasse
- Dersom det er fleire søkjarar enn plassar, må skulen halda ein plass ledig etter hovudinntaket til m.a. handsaming av event. klagesaker.
- Dersom det skjer endringar i føresetnadane, kan inntaket takast opp til ny vurdering

Søknadsskjema for SFO plass finn ein på kommunen si nettside. Frå 2021 nyttar kommunen Vigilo sitt søknadssystem.

B. Inntaksperiode og oppseiing

Inntaket gjeld frå ein har fått plass og ut 4. klasse, eller til plassen vert sagt opp. Oppseiinga skal rettast skriftleg til den skulen barnet har plass.

Det er ei gjensidig oppseiingstid på 2 månader, rekna frå den fyrste i kvar månad. Søknader om endring av plass-storleik kan skje heile året, men kan berre imøtekomast dersom skulen får det til utifrå kapasitetsomsyn.

Dersom det er plass, kan skulefritidsordninga ta imot born for kortare periodar dersom det er særlege grunnar for det, t.d. på skulen sine fridagar. Felleskommunalt SFO tilbod på ferie og fridagar er på Svortland skule.

C: Turnusordning

Når tilhøva ligg til rette for det, kan føresette søkja om å nytta tildelt tid tilpassa eiga turnusordning. Det er ingen rett til å få ei slik ordning, men ein kan søkja om det.

2.7. Økonomi

Bømlo kommunestyre fastset felles satsar for foreldrebetaling i SFO. Satsane er gradert etter timetal pr. veke. Satsane vert ikkje gradert etter inntekt.

Ordninga gjev høve til sysken moderasjon, f.t. 25 % reduksjon for barn nr. 2

Kommunekassen sender ut rekning for foreldrebetaling. Vert plassen ikkje betalt kan det føra til utestenging.

Foreldre kan søkja om redusert foreldrebetaling, dersom familien har låg inntekt. Sjå retningslinjer på kommunen si nettside.

2.8. Evaluering

Rammeplan og vedtekter for SFO vert evaluert kvart år.